

For ein ungdomsflokk!!

19.06.2009



For ein ungdomsflokk! (Foto: Thor Inge Døssland)

Torsdag kveld var det klart for avslutningsfest for avgangskullet ved Rosendal ungdomsskule. Samfunnshuset var fullsett av elevar, foreldre, lærarar og andre tilsette rundt dei festpynta langborda då det vart ønskt velkommen. Dei to konferansierane, Vegard Enes Ludvigsen og Vegard Døssland, presenterte følgjande sjølvskrivne vers som ein del av sine velkomstord:



Talaren var frå Uskedalen! (Foto: Thor Inge Døssland)

Nokre elevar har jobba hardt,
 andre har sust gjennom åra i ein heisande fart.
 Nokon sparar kanskje på kreftene til tre nye år,
 når dei nye vegar går.
 Uansett om det er allmenn eller bygg,
 så vil vi alltid vera trygg!
 Foreldre ikkje fortvil,
 vi klarer å skimta eit lite smil.
 Friår eller ei,
 Schille har no alltid vore grei.
 Stor takk til alle lærarar og kjente,
 No har vi heldigvis ein heil sommarferie i vente!



Vegard og Vegard var konferansierar (Foto: Thor Inge Døsland)

Programmet fekk ein flott start. Vakker song av Karoline Jansson og Kristin Eskeland i Can you feel the love tonight? skapte den rette stemningen for denne høgtidsstunda. Dei vart akkompagnert av Tone Hellesøy på flygel. Seinare i programmet var det meir musikk. Rockebandet med avgangseleven Knut André Bjørke som frontfigur, var eit hyggeleg bekjentskap. Dei avslutta si avdeling med velkjende Knocking on heavens door.

På ein slik fest har talane ein sentral plass i programmet. Slik også her. Torstein Aarhun, frå samfunnsavdelinga i kommunen, held ein fin tale til elevane. Han understreka mellom anna at dei var heldige som var unge akkurat no. Det er ei tid med store muligheter. Ute i verda, men også i Kvinnherad. Han oppfordra dei til å vera målbevisste, lytta til gode råd, og ut frå det følgja eigne ønskje når ein gjorde sine val. -Gjer noko de har lyst til!

Aarhun delte og ut mållagsprisen til dei to ungdommane som hadde utmerka seg som dei beste nynorskbrukarane.(eiga sak)

Frå lærarsida var det talar både frå rektor Stein E. Schille og frå trinnleiar Eva Lund Albrethson som var talerøyr for alle lærarane på trinnet. Begge uttrykte seg i svært positive ordelag om avgangselevane. Det gode trinnmiljøet og det fantastiske samhaldet vart sterkt understreka. I den samanhengen kom dei og inn på det gode samarbeidet med foreldregruppa. Eva understreka verdien av at foreldra hadde stått for elevkveldar kvar månad gjennom dei tre åra.

Dette vart og understreka av elevane. Dei overrekte initiativstakar og primus motor Inga Aarseth blomsar for dette til stor og velfortent applaus.

Samhaldet og det gode miljøet i gruppa vart og sterkt poengtert av elevrepresentanten Aleksander Rebaudo i hans svært gode tale. Han brukte sirkclar som bilete på det. I åttandeklasse samlast elevane i små sirkclar i friminutta. No var det ein einaste stor sirkel av samansveisa ungdommar. Han nytta og høve til å takka både foreldre og lærarar for god hjelp i utviklinga av det gode miljøet.

Appropos samhald og klasse miljø: -Vi trenger ikkje smørre på. De er bare sånn, sa trinnleiar Eva til underteikna etter festslutt samstundes som ho utstrålte gode kjensler for elevar ho vil både hugsa og sakna.

Filminnslag var det og på festen. Frå elevane sitt filmprosjekt var vinnarfilem "Gunnar" vist. Godt og profesjonelt var den laga, og festlyden var storleg imponert. Populær var og bildekavalkaden som lærarane hadde sett saman frå dei tre åra.

Elles var det servering av gryterett, kaffi og kaker, og takkehelsingar og overrekking av blomar. Ei skikkeleg høgtidsstund for alle involverte.

- Dette var jammen trist, men høgtidssamt, kom det frå avgangseleven i baksetet då vi køyrde ut frå parkeingsplassen ved samfunnhuset. Godt var det då å vita at dei har fått med seg mykje godt å byggja vidare på, - ikkje minst alt godt vennskap som har blitt bygt opp gjennom dei tre åra dei har gått på ungdomsskulen.

Av Thor Inge Døssland